

**RAPPORTAR**

**85/14**

**PLANREKNESKAP FOR  
MØRE OG ROMSDAL  
1984-1995  
HOVUDRESULTAT**

AV  
HOGNE STEINBAKK OG TERJE WESSEL

---

STATISTISK SENTRALBYRÅ  
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS OF NORWAY

RAPPORTAR FRÅ STATISTISK SENTRALBYRÅ 85/14

**PLANREKNESKAP FOR MØRE OG ROMSDAL  
1984-1995**

**HOVUDRESULTAT**

**AV**

**HOGNE STEINBAKK OG TERJE WESSEL**

**STATISTISK SENTRALBYRÅ  
OSLO — KONGSVINGER 1985**

**ISBN 82-537-2209-5  
ISSN 0332-8422**

EMNEGRUPPE  
Miljø. Geografiske tilhøve

ANDRE EMNEORD  
Ressursrekneskap  
Planrekneskap  
Arealbruk  
Fysisk planlegging

## FORORD

I denne rapporten vert resultat frå arbeidet med planrekneskapen i Møre og Romsdal presentert. Dette prosjektet er ein del av Statistisk Sentralbyrå sitt arbeid med å utvikle ein ressursrekneskap for areal. Planrekneskapen er ein delrekneskap av arealrekneskapen og omfattar ein oversikt over planlagde arealbruksendringar. Det er også utarbeidd planrekneskap for Østfold, Rogaland, Akershus, Sør-Trøndelag, Oslo, Aust-Agder og Sogn og Fjordane. Resultat frå dei fire førstnemnde fylka er presentert i serien Rapportar, høvesvis nr. 82/35, 83/4, 83/5 og 83/23.

Nokre hovudresultat frå arbeidet med planrekneskapen er også publisert i Statistiske Analyser nr. 46: "Ressursrekneskap" og i Rapportar 85/1: Naturressurser og miljø 1984, frå Statistisk Sentralbyrå.

Ressursavdelinga i Miljøverndepartementet har finansiert prosjektet. Fylkesreringsarkitekt Eiliv Berdal i Møre og Romsdal fylkeskommune har hatt ansvaret for registreringane. Han har også gitt kommentarar til innhaldet i denne rapporten. Gruppe for ressursrekneskap har det faglege ansvaret for utviklinga av planrekneskapen.

Denne rapporten er utarbeidd av førstekonsulent Hogne Steinbakk og konsulent Terje Wessel.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo, 29. april 1985

Arne Øien



## INNHALD

	Side
Figurregister .....	7
Tabellregister .....	8
1. Innleiing .....	10
1.1. Bakgrunn og innhald .....	10
1.2. Føremål .....	10
1.3. Samandrag .....	11
2. Opplegg og gjennomføring .....	13
2.1. Omfang, metode og datagrunnlag .....	13
2.2. Datakvalitet .....	13
3. Omgrep og kjenneteikn .....	14
4. Planlagt tilvekst .....	17
4.1. Utbyggingsareal .....	17
4.2. Planstatus .....	18
4.3. Utbyggingsføremål og byggjeklart areal .....	22
4.4. Eigartilhøve og planlagt erverv .....	30
5. Arealbruk .....	33
5.1. Arealbruk i Møre og Romsdal .....	33
5.2. Noverande arealsituasjon i planteigane .....	35
5.3. Dyrkingsjord .....	41
6. Litteratur .....	45
Vedlegg	
1. Klassifisering av planlagde utbyggingsføremål .....	46
2. Figur 1. Kommunegrenser og tettstader i Møre og Romsdal .....	49
Figur 2. Regioninndeling i Møre og Romsdal .....	50
3. Klassifisering av planlagt bruk - Planregnskapet 1984 - 1995 .....	51
4. Registreringsskjema .....	54
Utkome i serien Rapportar frå Statistisk Sentralbyrå (RAPP) .....	55

## Standardteikn i tabellar

- Null
- 0 Mindre enn 0.5 prosent
- 0,0 Mindre enn 0.05 prosent
- () Tal i parantes har større relativ uvisse enn 20 prosent



## FIGURREGISTER

	Side
1. Planlagt utbyggingsareal pr. 1 000 innbyggjarar totalt og til bustad- og industri-/ føremål. Møre og Romsdal 1984 - 1995 .....	26
2. Planlagt utbyggingsareal pr. 1 000 innbyggjarar til bustadføremål etter kommune Møre og Romsdal 1984 - 1995 .....	27
3. Planlagt nedbygging av dyrkingsjord etter kommune. Møre og Romsdal 1984 - 1995 .....	42



## TABELLREGISTER

	Side
1. Planlagt utbyggingsareal etter utbyggingsperiode. Møre og Romsdal 1984 - 1995 .....	18
2. Status i generalplanarbeidet pr. mars 1984 for kommunane i Møre og Romsdal og i heile landet .....	19
3. Planlagt utbyggingsareal etter kommune og generalplanstatus. Møre og Romsdal 1984 - 1995. Dekar .....	20
4. Planlagt utbyggingsareal etter utbyggingsperiode og generalplanstatus. Møre og Romsdal 1984 - 1995 .....	21
5. Planlagt utbyggingsareal etter utbyggingsperiode og reguleringsplanstatus. Møre og Romsdal 1984 - 1995 .....	21
6. Planlagt utbyggingsareal etter generalplanstatus og reguleringsplanstatus. Møre og Romsdal 1984 - 1995 .....	21
7. Planlagt utbyggingsareal etter kommune og føremål. Møre og Romsdal 1984 - 1995 .....	28
8. Planlagt utbyggingsareal etter føremål og lokalisering. Møre og Romsdal 1984 - 1995 .	29
9. Planlagt utbyggingsareal etter føremål og utbyggingsperiode. Møre og Romsdal 1984 - 1995 .....	29
10. Planlagt utbyggingsareal etter føremål og byggjeklart areal. Møre og Romsdal 1984 - 1995 .....	29
11. Planlagt utbyggingsareal etter utbyggingsperiode og byggjeklart areal. Møre og Romsdal 1984 - 1995 .....	30
12. Planlagt utbyggingsareal etter reguleringsplanstatus og byggjeklart areal. Møre og Romsdal 1984 - 1995 .....	30
13. Planlagt utbyggingsareal etter føremål og eigartilhøve. Møre og Romsdal 1984 - 1995 .	32
14. Planlagt utbyggingsareal etter generalplanstatus og eigartilhøve. Møre og Romsdal 1984 - 1995 .....	32
15. Arealbruk i Møre og Romsdal .....	34
16. Avgang av dyrka jord ved omdisponering etter jordlova, regulering etter bygningslova og ved oreigning i Møre og Romsdal 1972 - 1983 .....	34
17. Bebygd areal i store tettstader i Møre og Romsdal 1965 - 1975 .....	34
18. Bebygd areal i store tettstader i 1975 etter arealbruk i 1965. Møre og Romsdal .....	35
19. Planlagt utbyggingsareal etter kommune og noverande arealbruk. Møre og Romsdal 1984 - 1985 .....	38
20. Planlagt utbyggingsareal etter generalplanstatus og noverande arealbruk. Møre og Romsdal 1984 - 1995 .....	39
21. Planlagt utbyggingsareal etter reguleringsplanstatus og noverande arealbruk. Møre og Romsdal 1984 - 1995 .....	39
22. Planlagt utbyggingsareal etter lokalisering og noverande arealbruk. Møre og Romsdal 1984 - 1995 .....	40
23. Planlagt utbyggingsareal etter utbyggingsperiode og noverande arealbruk. Møre og Romsdal 1984 - 1995 .....	40
24. Planlagt utbyggingsareal etter føremål og noverande arealsituasjon. Møre og Romsdal 1984 - 1995 .....	40
25. Planlagt nedbygging av dyrkingsjord etter generalplanstatus. Møre og Romsdal 1984 - 1995 .....	43
26. Planlagt nedbygging av dyrkingsjord etter lokalisering. Møre og Romsdal 1984 - 1995 .	43
27. Planlagt nedbygging av dyrkingsjord etter utbyggingsføremål. Møre og Romsdal 1984 - 1995 .....	44

## INNLEIING

### 1.1 Bakgrunn og innhald

Tidleg på 1970-talet kom det frå ulike hald ynskje om å betre forvaltninga av naturressursane. Som eit resultat av dette vart det i 1974 oppretta ei ressursavdeling i Miljøverndepartementet.

Denne avdelinga fekk mellom anna som oppgåve å:

- samordne forvaltingsarbeidet ved regelmessig å gi ut oversyn over mengde, tilstand og forbruk av naturressursar, mellom anna årvisse stortingsmeldingar (ressursrekneskap).
- lage utkast til prinsipielle retningslinjer for bruken av naturressursane (ressursbudsjettering).

Ein valde å organisere arbeidet med ressursrekneskapen innan Statistisk Sentralbyrå, og Gruppe for ressursrekneskap vart oppretta 1. januar 1978.

Planrekneskapen er ein del av Statistisk Sentralbyrå sitt arbeid med å byggje opp eit system for nasjonale arealrekneskap (Statistisk Sentralbyrå 1981, kapittel 7. Ressursregnskap for areal). Dette systemet skal gi informasjon om eksisterande og planlagt arealbruk.

I 1984 omfattar planrekneskapen ni fylke. Arbeidet tok til i Østfold i 1979 som eit samarbeid mellom Østfold fylkeskommune, Gruppe for ressursrekneskap og ressursavdelinga i Miljøverndepartementet. Neste prøvefylke var Sør-Trøndelag. Her vart registreringa gjort i 1980. Litt seinare, rundt årsskiftet 1980/81, starta ein opp i Akershus og Rogaland. For åra 1982-1984 har ein gjort årlege oppdateringar for alle prøvefylke bortsett frå Østfold i 1984. Frå og med 1984 har ein også kome i gang med prosjektet i Møre og Romsdal, Sogn, og Fjordane, Aust-Agder, Oslo og Oppland. Målet er å dekkje heile landet innan 1986/1987.

Sidan den første registreringa vart gjort i Østfold i 1979 har opplegget vorte endra på fleire punkt. Ein har etter kvart kome fram til ei enklare klassifisering av arealtypar, eigartilhøve og utbyggingsfremål. I 1982 vart prosjektet utvida til å omfatte gjennomførte planar (utbygd del). Dette gir årlege og utfyllande opplysningar om bruttoendringar i planlagt arealbruk.

Denne rapporten inneheld den første planrekneskapen for Møre og Romsdal. Dokumentasjonen dekkjer ein 12-årsperiode frå 1. januar 1984 til og med heile 1995. Ved seinare oppdateringar vil ein også ta med informasjon om realiserte planar. Rapporten har fem kapittel. I kapittel 2 er det gitt nokre vurderingar av datakvaliteten, kapittel 3 omtalar dei registrerte kjenneteikna, medan hovedresultata for fylket vert presentert i kapittel 4 og 5.

### 1.2 Føremål

Føremålet med planrekneskapen er å framstille dei arealpolitiske mål som kjem til uttrykk i fysisk planlegging. Grunnlaget i registreringsarbeidet er kommunale utbyggingsplanar i form av general- og reguleringsplanar. Dette er dei to viktigaste reiskapane i arealplanlegginga.

Utgangspunktet for rekneskapen er reelle planar - eller det som vert kalla aktuelle utbyggingsplanar. Ein får oversyn over kor store areal planane omfattar, kvar areala er lokalisert og kva dei er planlagt nytta til.

Den konkrete fysiske planlegginga vert gjort i kommunane. Til no har ikkje data frå denne planlegginga vorte summert til til å gjelde større område som fylke eller landsdelar. Der- som rekneskapen vert utvida til alle fylke, vil ein få landstal til dømes over:

- kor store areal som er omfatta av kommunale oversiktsplanar
- kva areal som er planlagt nytta til utbygging

- kva formål det vert planlagt for
- om eventuell utbygging samsvarar med planane

Det er ynskjeleg å få ei grundig drøfting av arealressursane i fylkesplanen, og dette vil truleg krevje at kommunale utbyggingsplanar vert samanstilte i tid og rom. Ei slik samanstilling vil gjere det lettare for staten og fylkeskommunen å ta stilling til om planane kan realiserast innanfor rammen av fysiske og økonomiske tilhøve i samfunnet. Samstundes får ein avklart om dei planlagde utbyggingsmønster samsvarar med overordna interesser og målsetjingar for arealbruken. Det vert til dømes mogeleg å oppdage behov for samordna planlegging på regionalt nivå.

For einskildkommunar vil planrekneskapen gi systematiserte opplysningar over eigen arealpolitikk. Dette kan lette ei eventuell innføring av EDB-baserte planleggingsmodellar.

### 1.3 Samandrag

Planrekneskapen er laga på grunnlag av kommunale utbyggingsplanar. Desse planane skal vere aktuelle for utbygging innanfor ein periode på 12 år. Som datakjelde har ein første rekkje nytta oversiktsplanar på generalplannivå. Opplysningar frå reguleringsplanar er tekne med for å utfylle biletet av plansituasjonen.

Gjennom denne datainnsamlinga får ein kvantifisert hovudaspekta ved den arealpolitikken som vert uttrykt i fysisk planlegging. Rekneskapen syner kor store areal planane omfattar, kvar areala er lokalisert og kva dei er planlagt nytta til.

Registreringseininga vert kalla ein planteig, og er definert som ei samanhengande arealbruksflate på minimum 2 dekar. Utbygging utanfor planteigane vert ikkje registrert. Dette gjeld til dømes spreidd bustadbygging og landbruksutbygging. Grunnen er at slike føremål sjeldan er tekne med i kommunale planar. Rekneskapen omfattar heller ikkje riksveggar, fylkesveggar eller større veganlegg.

Ved planlegging av framtidig utbygging har kommunane lagt inn eit visst rom for fleksibilitet. Dette skuldast mellom anna uvisse om utvikling i folketal og økonomi. Ved sida av å vise dei områda som vert utbygde, vil klargjort utbyggingsareal også vere eit verkemiddel i konkurransen om ny næringsdrift. Resultatet vert ofte at utbyggingsplanane dekkjer eit større areal enn det som syner seg å vere naudsynt. I denne rapporten vil ein ikkje vurdere storleiken på planarealea i høve til forventa etterspurnad.

I åra 1984-1995 er det planlagt å byggje ut eit areal på 54 482 dekar i Møre og Romsdal. Av dette er om lag 44 prosent, 23 804 dekar, tenkt nytta til bustader. Om lag 39 prosent, eller 21 003 dekar, er planlagt til industri-, lager- eller bergverksføremål. Areal til forretnings- og sentrumsføremål utgjer 1 978 dekar, vidare dekkjer planlagde institusjonsbygg 3 406 dekar og areal for kommunikasjon og tekniske anlegg tilsaman 2 591 dekar.

Dersom ein samanliknar med andre fylke, er det slik at Møre og Romsdal skil seg ut med omsyn til planlagt industri-, lager- og bergverksareal. Andelen i denne føremålsklassen ligg 14 prosentpoeng høgare enn gjennomsnittet for dei sju andre fylka i planrekneskapen. Dette skuldast mellom anna at ein del kommunar har utforma arealplanar med sikte på oljeverksemd utanfor Midt-Norge. Ein kan også nemne at bergverksarealet, av historiske årsakar, er spesielt stort i ein einskild kommune (Neset).

Det planlagde industriarealet er i hovudsak lokalisert til område utan tettstadtilknytning, eller i 1 km.-omlandet til tettstadene. Heller lite industriverksemd er planlagt i sjølve tettstadene, i byane (definerte tettstadsområde) eller i det nære omlandet til byane.

Av heile planarealet på 54 482 dekar er 15 620 dekar (29 prosent) venta utbygd i perioden 1984-1987. Nærare ein tredel av planarealet har uvisst utbyggingstidspunkt. Størst avklaring har bustadarealet, der 37 prosent er planlagt utbygd frå 1984 til 1987. For 55 prosent av industriarealet er det ikkje tidfesta når utbygginga vil skje.

Gjennomsnittleg har kommunane i Møre og Romsdal planlagt å byggje ut 230 dekar pr. 1 000 innbyggjarar, fordelt på 100 dekar til bustader, 89 dekar industri, lager og bergverk og 41 dekar

til andre føremål. Generelt er det ein klar samanheng mellom storleiken på utbyggingsarealet og kommunane sitt folketal, men dette mønsteret vert kraftig brote i eit par mindre kommunar. I første rekkje gjeld dette Tustna. Denne kommunen har eit utbyggingsareal på heile 1 658 dekar pr. 1 000 innbyggjarar, kor 1 540 dekar er eit industriområde som er sikra med tanke på ilandføring av olje og gass. Det er elles kommunane i Romsdalsregionen som både i absolutte tal og i høve til folketallet har planlagt å byggje ut størst areal. Ørsta/Volda, byane og einskilde øykommunar har små planareal pr. 1 000 innbyggjarar.

Generalplanarbeidet i Møre og Romsdal er komen betydeleg kortare enn gjennomsnittet for kommunane i landet. Berre vel 17 prosent av arealet i planrekneskapen, 9 447 dekar, går inn i generalplanar som pr. 1. januar 1984 var godkjend av Miljøverndepartementet. 42 prosent av utbyggingsarealet i fylket er lokalisert til kommunar med generalplanutkast under arbeid. Regionane Ulsteinvik og Alesund/Stranda har høgast andelar av utbyggingsarealet i uferdige planar.

Totalt er det også ein heller liten andel av det planlagde utbyggingsarealet som er stadfesta regulert. Men her spelar utbyggingstidspunktet ei stor rolle. For dei fire første åra er 58 prosent av planarealet regulert, mot 28 prosent for åra 1988-1995.

Sett på bakgrunn av planstatusen, har kommunane i Møre og Romsdal relativt mykje byggjeklart areal. I planrekneskapen har ein definert dette som utbyggingsareal der veg, vatn og kloakk er ført fram til teigen. Om lag 43 prosent, 23 350 dekar, oppfyller desse krava til infrastruktur. Føremålet kommunikasjon og tekniske anlegg har 74 prosent byggjeklart areal, vidare har forretning og sentrum 70 prosent og institusjonsbygg 63 prosent. Både når det gjeld planlagt bygging av bustader og industri er 38 prosent av arealet byggjeklart.

Pr. 1. januar 1984 eigde kommunane og kommunale tomteselskap ein firedel av det planlagde utbyggingsarealet. Kommunane hadde dessutan planar om å erverve 48 prosent av planarealet i privat eige. Når det gjeld planlagt bustadbygging har kommunane eit relativt stort ervervsensgjement. Summen av kommunalt eigd og planlagt erverva bustadareal er 68 prosent, og dette svarar godt med Stortinget si tilråding (St.melding nr. 92 1974-75) om at kommunane bør formidle to tredelar av bustadtomtene.

Om lag 55 prosent eller 29 828 dekar av utbyggingsarealet er rekna som produktivt landbruksareal. Av dette er 6 676 dekar fulldyrka jordbruksareal, 3 639 dekar overflatedyrka eller gjødsla beite og 19 513 dekar produktiv skog. Ein andel på 47 prosent av jordbruksarealet og 57 prosent av det produktive skogarealet er planlagt omdisponert til bustadføremål. Relativt sett er det likevel typiske tettstadsfunksjonar som har høgast andel jordbruksareal. Pr. år vert den planlagde nedbygginga av jordbruksareal 860 dekar. Dette er meir enn gjennomsnittet for tillate omdisponering i åra 1972-1983, sjølv om ein her også har med spreidd bustadbygging og større veganlegg. Men når ein justerar for jordbruksareal som vart regulert og frigitt mellom 1972 og 1983, vil ei realisering av utbyggingsplanane gi ein avgang av jordbruksareal som er litt mindre enn tillatt omdisponering i forrige 12-årsperioden.

Størst utbygging på dyrka mark er planlagt i regionane Alesund/ Stranda og Sunndalsøra/Surna. På lågare geografisk nivå er presset på jordbruksareal klart størst i tettstadene, inkludert dei tre byane. I tettstader med minst 1 000 innbyggjarar er det fram til 1995 lagt opp til ei omdisponering av dyrka jord som omtrent tilsvarar det som vart nedbygt frå 1965 til 1975. Innanfor Alesund tettstadsområde er det planlagt å byggje ned 511 dekar fulldyrka og 204 dekar anna jordbruksareal. Dette utgjer 71 prosent av arealet i planteigane. Ein vil peike på at denne planlagde nedbygginga av kulturjord har samanheng med ein oppflisa utbyggingsstruktur.

Planrekneskapen gir også opplysningar om dyrkingsjord, det vil seie areal som kan fulldyrkast for jordbruksproduksjon. Møre og Romsdal har her eit relativt stort potensial, men har også mest tillate omdisponering av samtlige fylke (åra 1977-1983). Fram til 1995 er det planlagt å byggje ned 8 520 dekar dyrkingsjord, eller 16 prosent av det samla planarealet. Andelen ligg høgast for teigar i og rundt store tettstader, unnateke dei tre byområda.

Industri- og lagerverksemd tek meir dyrkingsjord enn bustadbygging. Det er her ein klar skilnad i høve til omdisponering av fulldyrka jord.

## 2. OPLEGG OG GJENNOMFØRING

### 2.1 Omfang, metode og datagrunnlag

Kommunane er ikkje komne like langt i den fysiske planlegginga og har ulik praksis i utarbeiding av arealbruksplanar. For å få eit einsarta materiale i planrekneskapen har ein valt å konsentrere seg om arealbruksplanar som er aktuelle for utbygging innanfor ein planleggingsperiode på 12 år. Klassifiseringa av planføremål inkluderer også vern av eksisterande arealbruk, til dømes utlegging av naturvern- og friluftsområde. Desse klassane har hittil vore lite utnytta, men truleg vil dei verte meir aktuelle etter kvart som planrekneskapen kjem i gang i nye fylke.

I første rekkje er det oversiktsplanar på generalplannivå som har vorte nytta som datakjelde. Opplysningar frå reguleringsplanar er berre trekt inn for å utfylle biletet av den planlagde utbygginga. Registreringsarbeidet har gått føre seg ved intervju av ansvarleg planleggjar ved teknisk etat i kommunane. Dette er personar med god oversikt over det som finst av utbyggingplanar. Der det har vore naudsynt har dei også formidla kontakt til andre kommunale/offentlege instansar.

Registreringseininga i planrekneskapen vert kalla ein planteig, og er definert som ei einsarta, samanhengande arealbruksflate på minimum 2 dekar. Denne planteigen skal berre innehalde eit utbyggingsføremål, slik det kjem fram på kommunen sitt oversiktplankart. Det vert vidare skilt mellom planteigar som er regulert og dei som ikkje er det. Under registreringsarbeidet i kommunen vart dei aktuelle teigane teikna inn på kommunen sitt kartverk og seinare ført over på økonomisk kartverk i målestokk 1:5000. Arealmålinga av planteigane vart gjort ved prikk-teljing eller med planimeter. Måleeininga er dekar.

### 2.2 Datakvalitet

Alt statistisk materiale ber i seg større eller mindre grad av uvisse. Dette har ulike årsakar, til dømes kan det skuldast målefeil, klassifiseringsfeil, kodefeil o.l. I arbeidet med planrekneskapen har ein ved maskinelle retteprogram søkt å redusere denne typen feil til eit minimum. Ei anna sak er det at tolkinga kan verte vanskeleg fordi definisjonane ikkje har vore nok presise.

Datagrunnlaget som planrekneskapen byggjer på er etter måten lite einsarta. Som nemnt står kommunane på ulike nivå i arbeidet med oversiktplanar, og tidshorisonten for utrekning av arealbehov kan variere frå kommune til kommune. Døme på slike vanskar er kart med ulik målestokk og ulike prinsipp for grensesetjing mellom friområde og bustadområde. Kommunane kan også ha forskjellig praksis ved klassifisering av tekniske anlegg og institusjonsbygg innanfor større planlagde bustadområde. Både i slike og andre samanhengar vil resultatet avhenge av arbeidet til intervjuaren og planleggjaren, samt av kommunens informasjonsmateriale over plansituasjonen.

Ein vil også nemne at det har vore vanskeleg å få sikre opplysningar om planlagt erverv. Dette gjeld særleg for område som ikkje er tidfesta utbygd i første periode. Her har ein i stor grad basert seg på administrative planar.

For planrekneskapen er det særleg viktig med god kvalitet på kartmaterialet. Dette vil til dømes få innverknad på den fysiske avgrensinga av planteigane. Vidare knyter det seg ei uvisse til oppgitte utbyggingstidspunkt. Dette gjeld spesielt dei planteigar der utbygginga er planlagt å starte opp i slutten av planperioden med avslutting etter 1995. For nokre teigar var det ikkje nemnt/avklart kva område av teigen som skulle byggjast ut først. I slike høve har ein føreteke avgrensingar ut frå det planleggjarane meinte var rimeleg å byggje ut innan 1995.

Den noverande arealbruken er registrert frå økonomisk kartverk, som for Møre og Romsdal er laga frå 1960 til 1980. Sjølv om det sidan har vore endringar i arealbruken, vil dette truleg gi små feil i klassifiseringa. Område som er utbygde etter at økonomisk kartverk vart laga vil på grunn avgrensinga i planrekneskapen ikkje verte registrert. Mellom dei ubebygde arealklassane kan tilhøvet ha endra seg gjennom nydyrking, skogplanting og brakklegging. Slike endringar får

ein vanlegvis ikkje kjennskap til ved å bruke økonomisk kartverk, men der opplysningane har kome inn frå andre kjelder, er dei likevel tekne med. Økonomisk kartverk har i dag eit noko lågt ajourføringstempo, og metoden som er brukt har derfor visse veikskapar. Men det viktigaste er at ein har fått ei god klassifisering av arealet sine ressurseigenskapar - til dømes dyrkjingsjord, og areal som er uproduktive til landbruksføremål.

I Møre og Romsdal er det utarbeidd økonomisk kartverk for alle aktuelle planområde.

### 3. OMGREP OG KJENNETEIKN

Her følgjer ein omtale av dei eigenskapane som er registrert for kvar planteig.

#### Identifikasjonsnummer

Dette nummeret er sett saman av kommunenummer, registreringsår og teignumner.

#### Ajourføringskode

Koden vert brukt ved oppdatering av planrekneskapen og syner kva som har skjedd sidan forrige registrering.

#### Endring av utbyggingsplanen

Også denne opplysninga vert berre brukt ved oppdatering av tidlegare registreingar. For planar med endring gir ein opp siste året endringa skjedde.

#### NGO-koordinatar

Midtpunktkoordinatane til planteigen vert visuelt registrert med ei grannsemd på 10 meter.

#### Kartbladreferanse

Ein gir opp planteigen sin kartbladreferanse til økonomisk kartverk. Målestokken er 1:5000.

#### Grunnkrinsnummer

Registreringa gjeld den grunnkrinsen midtpunktet til planteigen ligg i.

#### Tilknytning til tettstad

Her registrerar ein plasseringa til planteigen i høve til næraste tettstad. Ein nyttar avgrensinga frå siste folke- og bustadteljinga (1980), og har følgjande alternativ:

- (i) heile planteigen ligg innanfor tettstadgrensa.
- (ii) planteigen ligg delvis innanfor og delvis utanfor tettstadgrensa.
- (iii) heile planteigen ligg utanfor tettstadgrensa, men minste avstand frå tettstadgrensa til planteigen sin ytterkant er mindre enn 1 km.
- (iv) anna, det vil seie ingen tettstadtilknytning.

Definisjon av tettstadgrense er gitt i prosjektet "Arealbruk i tettsteder" (Ø. Engebretsen 1982).

#### Føremål i planteigen

Pr. definisjon skal ein planteig berre innehalde eit utbyggingsføremål. Dersom ei utbygging har fleire føremål skjer registreringa etter dominerande planlagd bruk. Dei einskilde måla er gitt opp i samsvar med klassifiseringa av planlagt bruk. Sjå vedlegg 3.

Planstatus

Her vert den formelle generalplanstatusen til planteigen registrert. Føljande kjenne-teikn er brukt:

- (i) generalplan godkjend av Miljøverndepartementet
- (ii) kommunalt vedteken generalplan
- (iii) fylkesutvalet har uttalt seg om generalplanframlegget
- (iv) ferdig utarbeidd generalplanutkast i kommunen
- (v) generalplanutkast under utarbeiding i kommunen
- (vi) anna

I analysen er det nytta ei litt grovare inndeling.

Reguleringsplankode

For kvar teig er det registrert kor langt reguleringsarbeidet har kome. I planrekneskapen kan ikkje ein teig vere delvis regulert, det vil seie at heile arealet må vere på same reguleringsnivå. Alternativa som vert nytta er:

- (i) stadfesta regulert
- (ii) under regulering
- (iii) anna

Reguleringsplannummeret

Stadfestingsdatoen til reguleringsplanar vert ført opp i eige felt.

Storleik på planteigen

Storleiken vert gitt i antal dekar. Målinga har skjedd ved prikksteljing eller med planimeter.

Byggjeklart areal

Med byggjeklart areal er meint areal der dei kommunale grunnlagsinvesteringane (veg, vatn og kloakk) er ført fram til feltet. Den delen av planteigen som er byggklar er oppgitt i antal dekar.

Utbyggingsperiode

Følgjande delperiodar er nytta:

- (i) planlagt utbygging i tidsrommet 1984-1987
- (ii) planlagt utbygging i tidsrommet 1988-1995
- (iii) ufordelt, veit ikkje

Dersom ein planteig skal byggjast ut både 1. og 2. periode, gir ein opp antal dekar i kvar av desse delperiodane.

Antal bustadeiningar

I planteigar med bustadføremål er det registrert kor mange bustader som er venta utbygd i frå 1984 til 1987.

Eigarandel

Eigarandelane karakteriserar eigarforholdet innanfor planteigen. Opplysningane er gitt i dekar, og følgjande inndeling er nytta:

- (i) kommune/kommunalt tomteselskap
- (ii) privat
- (iii) andre eigeformar

Planlagt erverv av areal

Det er registrert (frå handlingsprogrammet eller langtidsbudsjettet) kor mange dekar kommunen

og/eller kommunal verve i planperioden. I tillegg er det også fanga opp om administrasjonen arbeider med planar om erverv av andre areal.

#### Planlagt avhending/sal

Her er det registrert kor mykje kommunen/kommunalt tomteselskap vil avhende av utbyggingsarealet.

#### Kjelde for arealsituasjonen

Følgjande kjelder kan vere nytta:

- (i) økonomisk kartverk
- (ii) flyfoto
- (iii) heradsagronom
- (iv) anna

Grunnlaget for arealklassifiseringa er heilt vesentleg økonomisk kartverk. Dei andre løysingane er berre brukt for område der slik kartlegging ikkje eksisterar.

#### Registreringsår for kjelda

Der økonomisk kartverk er nytta, har ein registrert fotograferingsåret for det flybildet kartet er konstruert ut frå.

#### Arealsituasjonen

Arealsituasjonen i planteigen gir fordelinga av noverande arealbruk i samsvar med hovedklassifiseringa i arealrekneskapen. Det er også gitt opp kor mykje dyrkingsjord teigen inneheld.

#### Registrering av konflikta

For kvar planteig er det henta inn opplysningar om utbygginga vil skape konflikt i høve til:

- (i) naturverninteresser
- (ii) friluftinteresser

#### Fysiske førekomstar

Det er registrert om planteigen inneheld:

- (i) sand-, grus- og pukkkførekomstar
- (ii) fornminne
- (iii) kulturminne

Registreringsskjemaet er vist i vedlegg 4.



#### 4. PLANLAGT TILVEKST I BEBYGD AREAL

Dette kapittelet omtalar storleiken til det planlagde utbyggingsarealet, vidare framdrifta i planlegginga og dei arealføremåla det vert planlagt for. Ein vil også vurdere kor langt arbeidet med general- og reguleringsplanar har kome i dei einskilde kommunane. Til slutt i kapittelet er det teke med opplysningar om kor mykje kommunane eig av det planlagde utbyggingsarealet og kor mykje dei har planar om å tileigne seg.

Oversyn over noverande arealbruk er gitt i kapittel 5, medan vedlegg 2 syner kommunegrensene og tettstader med 1 000 innbyggjarar eller fleire i Møre og Romsdal.

##### 4.1 Utbyggingsareal

Planrekneskapen omfattar dei utbyggingsområda som planleggjarane i kommunane meiner er aktuelle å byggje ut i planperioden 1984-1995. Vegar og større veganlegg er ikkje med i rekneskapen. Denne avgrensinga fører til at eventuell utbygging utanfor planteigane ikkje vert registrert. Det er til dømes sjeldan utarbeidd konkrete oversiktsplanar for spreidd bustadbygging og utbygging til landbruksføremål.

Planlagt utbygging i kommunane er avhengig av mange omstende, mellom anna utvikling i talet på arbeidsplassar, demografiske tilhøve og den generelle økonomiske utviklinga. Desse faktorane endrar seg over tid og kan saman med interessekonfliktar knytta til arealbruken endre føresetnadene for omfanget av den planlagde utbygginga. Kommunane har ofte ikkje nok informasjon og verkemiddel til å styre utviklinga i kommuneøkonomien. Det vil stadig dukke opp nye behov og tidlegare føresetnader kan verte uaktuelle. Ei slik uvisse krev eit visst rom for fleksibilitet, og samstundes bør det vere noko å gå med omsyn til storleiken av det planlagde arealet. Planane vil vere under stadig revidering.

For kommunane er det spesielt vanskeleg å rekne ut framtidige arealbehov for industri- verksemd. Tidlegare erfaringar syner at kommunane legg til rette store industriareal for å sterkare i konkurransen ved eventuelle nyetableringar. Vidare kan planlegging av bustadfelt byggje på usikre overslag til dømes når det gjeld kommunaløkonomiske tilhøve. Resultatet vert i begge tilfelle at det planlagde utbyggingstempoet er for høgt i høve til det som syner seg å vere naudsynt. I små kommunar med fleire mindre bygdesentra vil også eit overordna mål om at kvar bygd skal ha byggjeklare areal til industri, forretningar og bustader føre til at kommunane totalt får for store planareal. Ut frå slike uvissefaktorar er det derfor truleg at dei kommunale planane dekkjer eit større areal enn det som er tilstrekkeleg. I same retning verkar mangelen på samordna planlegging. Betre informasjon kan gi eit grunnlag for meir realistisk planlegging.

Det er i Møre og Romsdal planlagt ei utbygging på i alt 54 482 dekar i perioden 1984-1995. Dette utgjer 0,36 prosent av det totale landarealet på 15 104 km. Talet på registrerte planteigar er 1 928, slik at den gjennomsnittlege storleiken på planteigane er 28,3 dekar.

I planrekneskapen vert ein planteig eller del av ein planteig oppfatta som utbygd når opparbeidinga er satt i gang. Kriteriet er at den fysiske strukturen har endra seg, til dømes at utgravinga av tomter har tatt til på eit bustadfelt. Utbyggingstidspunktet er klassifisert etter tre alternativ:

- (i) Arealet er planlagt utbygd i tidsrommet 1984-1987
- (ii) Arealet er planlagt utbygd i tidsrommet 1988-1995
- (iii) Uvisst utbyggingstidspunkt

Ofte vil utbygginga starte opp i første del og verte avslutta i andre del av planperioden. I slike tilfelle har ein registrert kor store delar av teigen som er venta utbygd i dei to delperiodane.

Av tabell 1 går det fram at om lag 68 prosent av utbyggingsarealet i Møre og Romsdal har eit avklara tidspunkt for utbygginga. Andelen med ukjend utbyggingstidspunkt ligg på 32,5 pro-

sent, og dette er om lag det same som gjennomsnittet for alle fylke i planrekneskapen. I perioden 1984-1987 er det planlagt å byggje ut 15 620 dekar, eller 29 prosent av planarealet. Det ser følgeleg ut til at utbyggingstakten kan verte større i dei fire første åra av planperioden enn i dei åtte siste.

Tabell 3 syner kor mykje areal dei einskilte kommunane har planlagt å byggje ut. På regionnivå er det Romsdal som har størst utbyggingsareal. Utanom Molde, er det særleg Fræna og Nesset som peikar seg ut. For Fræna visar nærare undersøkelser at så mykje som 92 prosent av arealet i planteigane har uvisst utbyggingstidspunkt. Elles ser det ut til at kystkommunane har klart størst andel av sitt totale landareal planlagt for utbygging. Denne andelen er til dømes på 0,7 prosent for Ulsteinvikregionen, mot 0,2 og 0,1 prosent for dei indre regionane Ørsta/Volda og Sunndalsøra/Surna. Av bykommunane har Kristiansund planlagt å byggje ut størst del av landarealet; 5,2 prosent. For Ålesund og Molde er andelane høvesvis 4,6 og 1,0 prosent.

Tabell 1. Planlagt utbyggingsareal etter utbyggingsperiode. Møre og Romsdal 1984-1995

Planlagt utbyggingsareal i alt	I alt	1984-1987	1988-1995	Uvisst utbyggingstidspunkt
Dekar		Prosent		
54 482	100,0	28,7	38,8	32,5

#### 4.2 Planstatus

I registreringsarbeidet er det gjort nytte av både oversiktsplanar på generalplannivå og reguleringsplanar. Generalplanen skal etter bygningslova av 1965 mellom anna gi ei oversikt over kommunens arealdisponering og samstundes "tjene som rettleiing for utarbeiding av reguleringsplanar" (sjå # 20). Føremålet er å samordne sektorplanlegginga og å lette vedtaksprosessar ved å setje enkeltsaker inn i ein større samanheng. Alle kommunar skal utarbeide generalplanar, og kommunestyret eller formannskapet har ansvaret for at dette arbeidet vert gjort. Reguleringsplanen er, i motsetnad til generalplanen, ein juridisk bindane og meir eller mindre detaljert arealbruksplan.

I planrekneskapen har ein registrert den formelle generalplanstatusen, dessutan om plan-teigen er regulert eller ikkje. Tabell 2 syner at generalplanarbeidet i Møre og Romsdal er komen langt kortare enn gjennomsnittleg for kommunane i landet.

Tabell 3 viser kor mykje av utbyggingsarealet i Møre og Romsdal som pr. 1. januar 1984 var handsama i generalplansamanheng. Berre litt over 17 prosent av arealet, i alt 9 447 dekar, går inn i generalplanar som på dette tidspunktet var godkjende av Miljøverndepartementet. Til samanlikning er den gjennomsnittlege andelen i 1984-rekneskapen 37 prosent. Så mykje som 42 prosent av utbyggingsarealet i Møre og Romsdal er lokalisert til kommunar med generalplanutkast under utarbeiding. Tabellen viser vidare store regionale forskjellar. I Ulsteinvik handelsdistrikt og Ålesund/Stranda-regionen er størstedelen av utbyggingsarealet med i oversiktsplanar som framleis er under arbeid, medan det er motsett for Ørsta/Volda, Romsdal og Kristiansundregionen. Her går det meste av utbyggingsarealet inn i planar som har vore handsama politisk.

Av 15 620 dekar med oppstarta utbygging i 1984-1987 er 22 prosent med i generalplanar som er godkjende av Miljøverndepartementet (tabell 4). Nærare halvparten av det planlagde utbyggingsarealet for den første perioden er anten delar av planutkast eller ikkje vurdert i generalplansamanheng. Samla er dette litt meir enn for dei teigane som er venta utbygd i siste del av planperioden.

I tabell 5 ser ein at i alt 37 prosent av utbyggingsarealet har stadfesta reguleringsplan. Denne andelen er betydeleg høgare for dei fire første åra (58 prosent) enn for dei åtte siste (28 prosent). Som venta har størstedelen av utbyggingsarealet i godkjende generalplanar

stadfesta regulering. Det er grunn til å merkje seg at 59 prosent av arealet i kommunalt vedtekne generalplanar ikkje er komne så langt i planprosessen at det føreligg utkast til reguleringsplan (tabell 6).

Registreringa i planrekneskapen er mellom anna avhengig av planleggjarane sine vurderingar og planleggingssituasjonen i dei einskilde kommunane. Truleg har slike tilhøve innverknad så vel på omfanget av planteigar som på den seinare registreringa av utbygde teigar. Arealplanar som ikkje er politisk vurderte vil venteleg ha mindre sjanse for å verte realiserte enn vedtekne planar. Ein del av utbygginga vil nok skje utan å ha vore vurdert i generalplansamanheng. Oversiktsplanarbeidet er rekna for å vere tidkrevjande, vidare har kommunane meir erfaring og kompetanse i arbeidet med reguleringsplanar enn med generalplanar. Det kan og vere at nye planframlegg er fremja utan at generalplanen vert revidert.

Tabell 2. Status i generalplanarbeidet pr. mars 1984 for kommunane i Møre og Romsdal og i heile landet

	Antal kommuner i alt		Generalplan godkjent av Miljøverndepartementet	Generalplan vedteken i kommunen	Generalplan som har vore til uttale i fylkesutvalet	Ferdig generalplanframlegg	Ikkje utarbeidd generalplan
	Prosent						
Heile landet	451	100	45	16	12	3	24
Møre og Romsdal	38	100	16	26	5	3	50

1) Kjelde: Generalplanstatus pr. mars 1984, Planavdelinga i Miljøverndepartementet.

2) Kvitsøy og Utsira er unnteken frå reglane i bygningslova.

Tabell 3. Planlagt utbyggingsareal etter kommune og generalplanstatus. Møre og Romsdal 1984-1995. Dekar

	Planlagt utbyggingsareal i alt	Generalplanstatus pr. mars 1984				Anna <sup>1</sup>
		Generalplan godkjent av Miljøvern-departementet	Generalplan vedteken i kommunen	Ferdig generalplan framlegg	Generalplan under arbeid i kommunen	
I alt .....	54 482	9 447	15 125	5 634	22 926	1 350
<u>Ulsteinvik-regionen</u> .....	5 360			964	4 383	13
Vannylven .....	977			964		13
Sande .....	860				860	
Herøy .....	1 205				1 205	
Ulstein .....	824				824	
Hareid .....	1 494				1 494	
<u>Volda/Ørsta</u> .....	2 569		1 729			35
Volda .....	895			895		
Ørsta .....	1 764		1 729			35
<u>Alesund/Stranda-regionen</u> .	14 560	1 021	3 144	350	9 821	224
Alesund .....	4 487				4 487	
Ørskog .....	586				573	13
Norddal .....	425				425	
Stranda .....	1 230	1 021				209
Stordal .....	350			350		
Sykkylven .....	2 184		2 182			2
Skodje .....	962		962			
Sula .....	1 840				1 840	
Giske .....	1 521				1 521	
Haram .....	975				975	
<u>Romsdal</u> .....	19 604	4 688	7 382	3 793	3 239	502
Molde .....	3 466	3 438				28
Vestnes .....	1 483		1 483			
Rauma .....	2 126		2 126			
Neset .....	3 179		3 179			
Midsund .....	769	769				
Sandøy .....	594		594			
Aukra .....	626	471				155
Fræna .....	4 019	10		3 793		216
Eide .....	2 423				2 414	9
Gjemnes .....	919				825	94
<u>Sunnalsøra/Surna</u> .....	5 298	1 866	33	527	2 724	148
Tingvoll .....	791				777	14
Sunnal .....	1 386				1 363	23
Surnadal .....	2 010	1 866	33			111
Rindal .....	584				584	
Halsa .....	527			527		
<u>Kristiansund-regionen</u> ....	7 001	1 872	2 837		1 864	428
Kristiansund .....	1 155	927				228
Averøy .....	1 403				1 203	200
Frei .....	945	945				
Aure .....	661				661	
Tustna .....	1 894		1 894			
Smøla .....	943		943			

1) Denne gruppa omfattar utbyggingsareal som ligg utanfor soneplanområda, areal som er i strid med godkjent generalplan eller areal som er nye i generalplanssamanheng.

Tabell 4. Planlagt utbyggingsareal etter utbyggingsperiode og generalplanstatus. Møre og Romsdal 1984 - 1995

Utbyggings- periode	Planlagt ut- byggingsareal i alt		Generalplanstatus pr. mars 1984				Anna <sup>1</sup>
			Generalplan godkjent av Miljøvern- departe- mentet	Generalplan vedteken i kommunen	Ferdig general- plan- framlegg	Generalplan under arbeid i kommunen	
	Dekar		Prosent				
I alt .....	54 482	100,0	17,3	27,8	10,3	42,1	2,5
1984 - 1987 .....	15 620	100,0	22,4	21,0	8,5	42,9	5,2
1987 - 1995 .....	21 156	100,0	17,0	23,5	12,7	45,1	1,7
Ufordelt .....	17 706	100,0	13,3	38,8	9,2	37,8	0,9

1) Sjå note til tabell 3.

Tabell 5. Planlagt utbyggingsareal etter utbyggingsperiode og reguleringsplanstatus. Møre og Romsdal 1984-1995

Utbyggings- periode	Planlagt ut- byggingsareal i alt		Reguleringsplanstatus pr. 1 januar 1984			Anna (over- siktsplanar)
			Stadfesta regulert	Under regulering		
	Dekar		Prosent			
I alt .....	54 482	100,0	36,8	21,7	41,5	
1984 - 1987 .....	15 620	100,0	57,6	23,4	19,0	
1988 - 1995 .....	21 156	100,0	27,8	26,2	46,0	
Ufordelt .....	17 706	100,0	29,2	14,7	56,1	

Tabell 6. Planlagt utbyggingsareal etter generalplanstatus og reguleringsplanstatus. Møre og Romsdal 1984 - 1985

Generalplanstatus pr. 1 januar 1984	Planlagt ut- byggingsareal i alt		Reguleringsplanstatus pr. 1 januar 1984		
			Stadfesta regulert	Under regulering	Anna (over- siktsplanar)
	Dekar		Prosent		
I alt .....	54 482	100,0	36,8	21,7	41,5
Generalplan godkjent av Miljøverndepartementet.. Generalplan vedteken i kommunen .....	9 447	100,0	55,8	20,1	24,0
Ferdig generalplan- framlegg .....	15 125	100,0	23,0	17,9	59,0
Anna .....	5 634	100,0	17,3	25,6	57,1
	1 350	100,0	22,9	42,7	34,4

1) Sjå note til tabell 3.

#### 4.3 Utbyggingsfremål og byggjeklart areal

I samband med registreringa av utbyggingsfremål vart det i 1981 utarbeidd eit framlegg til klassifisering av planlagt bruk. Ein søkte å tilpasse inndelinga etter reguleringsfremåla i bygningslova (T. Vogt 1981). Dette synt seg å vere vanskeleg, og for dei seinare år er det derfor nytta eit pyramidesystem der fremålet med utbygginga er eintydig registrert. Opplysningane er spesifisert på tre detaljeringsnivå, men i dette kapittelet er tabellane berre basert på det første sifferet i klassifiseringa. Variasjonar i hovudklassane bustad, industri, forretning og sentrum, institusjon og tekniske anlegg vert studert med omsyn på storleik, utbyggingstidspunkt, byggjeklart areal og planstatus. Ei meir detaljert utgreiing om dei ulike utbyggingsfremåla er gitt i vedlegg 1.

For heile Møre og Romsdal fylke utgjer planlagt areal til bustadfremål 44 prosent av planarealet på 54 482 dekar. Dette er vist i tabell 7. Areal til industri og lager har ein andel på 39 prosent. Vidare er det planlagt å nytte 4 prosent til forretnings- og sentrumsfremål, 6 prosent til institusjonar og 5 prosent til kommunikasjon og tekniske anlegg. Annan utbygging utgjer 3 prosent.

Dersom ein samanliknar med andre fylke er det eit særtrekk at kommunane i Møre og Romsdal har planlagt så vidt store industriareal. Andelen til dette fremålet ligg 14 prosentpoeng høgare enn gjennomsnittet for dei andre fylka ein har tal for.

Andelane til bustadbygging er høgast i Alesund/Stranda-regionen og i kommunane Ulstein, Volda og Herøy i sør, Vestnes i Romsdal og i Rindal, Aure og Kristiansund i nord. Tabell syner at kommunane Sula og Haram har planlagt å nytte godt over 70 prosent av utbyggingsarealet til bustadfremål. Her bør det nemnast at kommunane rundt Alesund lenge har hatt ein stor etterspurdnad etter tomter til einebustader. Mønsteret i 1970-åra var at Alesund hadde ei relativt sterk netto utflytting, medan folketalet auka i Sula, Giske og Skodje. Til dels skjedde det ei svakt styrt fortetting i bynære område. Denne trenden har synt seg å vere noko svakare dei siste åra, men like fullt går det fram av tabell 7 at omlandskommunane legg opp til å byggje ut betydelege bustadareal for den komande 12-årsperioden.

Liknande utviklingstrekk har også gjort seg gjeldande for dei to andre byområda. I pendlingsområdet til Molde og i sjølve byen er det planlagt å nytte ein relativt låg andel av utbyggingsarealet til bustadbygging. Men dette skuldast hovudsakleg storleiken på areala. Totalt ser det ikkje ut til at området er spesielt dårleg stilt med omsyn på bustadareal. Dei siste åra har omlandskommunane i det som reknast til Molde-regionen hatt stagnasjon eller tilbakegang i folketalet. I 1984 gjaldt dette også Fræna.

Kristiansund og Frei utgjer eitt område med felles arbeids- og bustadmarknad. Framover er det rekna med at folketalet årleg vil minke med ca. 0,8 prosent i Kristiansund, medan Frei har ein forventta vekst på knapt 4 prosent. I denne samanhengen kan det nemnast at nettopp Frei har svært små tomtereserver, slik at det planlagde arealet til bustadfremål berre er på 462 dekar.

Generelt er det ein samanheng mellom storleiken på utbyggingsarealet og andelen som er tenkt nytta til industrifremål. Det er også slik at ein større del av det planlagde industriarealet finst i delar av fylket som frå før av har svært liten sysselsetjingsandel i sekundærsektoren. Regionale forskjellar i utbyggingsfremål kan illustrerast ved planarealet si tettstadtilknytning. Som vist i tabell 8 ligg 54 prosent av utbyggingsarealet meir enn 1 km. frå eksisterande tettstadgrenser. Men samla har desse distrikta enno meir, 63 prosent av det planlagde industri- og lagerarealet. For små tettstader er den same andelen 15 prosent, for store tettstader 23 prosent og for byområde (etter tettstadgrensene 1980) 17 prosent. Relativt mest industriareal er planlagt innan 1 km. frå små tettstader. Alt i alt finn ein eit mønster som er i samsvar med næringsutviklinga sidan først på 1970-talet. Det er distrikta som ser ut til å ha størst ekspansjon i sekundærsektoren.

Ein del kommunar har utforma arealplanar med sikte på oljeverksemd utanfor Midt-Norge.

Dette gjeld i første rekkje Tustna, Fræna og Hareid. Om lag 80 prosent av det framtidige utbyggingsarealet i Tustna, i alt 1 540 dekar er lokalisert til eit planlagd industriområde på Hyttneset. Føremålet for kommunen har vore å sikre eit høveleg areal i tilfelle det vert aktuelt med ilandføringsterminal og storindustri. Som det går fram av tabell 7 har Tustna planlagt å byggje ut relativt lite bustadareal. Men her vil ein peike på at kommunen har utarbeidd eit alternativt utkast til generalplan. I dette framlegget er det teke omsyn til ringvirkningar på bustadmarknaden dersom industrietableringa vert realisert. Også Fræna har sett av eit større areal med sikte på ilandføring av olje og gass. Dette området ligg i Harøysund og har ein storleik på nærare 600 dekar.

Andre kommunar som har planlagt med tanke på oljebasert verksemd er mellom anna Alesund og Hareid. Området i Hareid (Hjørungavåg) er på 640 dekar og har uvisst utbyggingstidspunkt. Ein satsar i første rekkje på verkstadindustri, modulproduksjon o.l.. På Ellingsøy i Alesund er det planlagde industriarealet, vel 300 dekar, tenkt nytta til base- og forsyningsanlegg. Utbygginga er tidfesta til perioden 1988-1995.

For fylket elles merkjer Nesset kommune seg ut med 2 488 dekar eller 78 prosent av utbyggingsarealet til industriføremål. Av dette er nærare 1 800 dekar bergverksareal i tilknytning til gruvene på Raudsand. (Drifta i dette området stansa i 1981).

Andelen av planlagt forretnings- og sentrumsareal er størst i Frei (13 prosent) og Stranda (12,5 prosent). Desse to kommunane er i ein vidt forskjellig situasjon. Medan Frei nærmast er utan tettstaddanningar, har Stranda kommune ein godt utbygd og differensiert senterstruktur. Vidare har dei tre bykommunane i fylket planlagt å byggje ut etter måten små areal til sentrums- og forretningsføremål. Alesund, som er det største tettstodområdet i Møre og Romsdal, har i dag to sentra. Alesund sentrum er framleis handelsmessig tyngdepunkt for distriktet, men Spjelkavik har dei siste ti-åra vokse fram som lokalsenter for indre del av kommunen. Her er det etter kvart også kome ein konsentrasjon av arbeidsplassar og service for eit større distrikt. Tala frå planrekneskapen syner at Alesund sentrum har eit samla utbyggingsareal på 1 092 dekar, kor 135 dekar (12 prosent) er forretnings- og sentrumsareal. I Spjelkavik er det planlagt å byggje ut totalt 1 983 dekar, av dette 1 prosent til forretnings- og sentrumsføremål. Ser ein på den same klassen for andre kommunar, er det Ulstein, Volda, Vestnes, Eide, Nesset og Sunndal som har dei minste andelane. I fleire av disse kommunane er utvikling av sentrumsareal vanskeleg på grunn av topografiske tilhøve og konflikt med jordverninteresser. Andre stader i fylket kan tettstadutviklinga verte avgrensa av faktorar som rasfare, omsyn til vegutbygging eller lokalisering av fergeleie.

I fylkesplanen er det sett fram ynskje om å prioritere utviklinga av handels- og servicefunksjonar i ein del eldre kommune- og lokalsentra. Dette gjeld til dømes Langevåg i Sula der ein står framfor store utbyggingsoppgåver innanfor eksisterande sentrumsområde. Fram til 1995 er det i denne tettstaden likevel berre planlagt å byggje ut 45 dekar forretnings- og sentrumsareal.

Utbyggingsplanar for visse sentrumsfunksjonar kan også vere registrert som institusjonsareal. På kommunenivå har Vestnes, Sande, Ørsta og Molde høgast andelar i denne klassen. Når det gjeld Langevåg føreligg det planar om institusjonsbygg på i alt 177 dekar.

Areal til kommunikasjon og tekniske anlegg utgjer 20 prosent av det samla planarealet i Sunndal. For andre føremål enn hovudklassane peikar Smøla seg ut med ein andel på 19 prosent. Det aller meste av dette er definert som "andre spesialområde".

Ein bør nemne at forretnings- og sentrumsfunksjonar også kan vere planlagt utan at dette er spesielt skilt ut i oversiktsplanane. For større bustadfelt kan det vere at ein ikkje har teke stilling til lokalisering av ulike servicetiltak. Det er vidare klart at det frå kommune til kommune vil vere ulike oppfatningar av kva som høyrer til høvesvis servicenæringar og industri sektor. Dette kan ha ført til at det er registrert for lite forretnings- og sentrumsareal og for mykje industriareal. I praksis har ein sett at planlagde industriareal stadig oftare vert

omdisponerte til servicefremål.

Figur 1 syner planlagt utbyggingsareal i høve til innbyggjartalet pr. 1 januar 1984. For heile Møre og Romsdal er det eit samla planareal på om lag 230 dekar pr. 1 000 innbyggjarar. Av dette er 100 dekar bustadareal. Vidare er det ein rimeleg sterk samanheng mellom storleiken på utbyggingsarealet og kommunane sitt folketal. (Desse to variablane har ein bivariat korrelasjonskoeffisient på 0,64). Dei fleste kommunane i Romsdalsregionen har eit relativt utbyggingsareal som er godt over gjennomsnittet. I den motsette enden av skalaen kjem Ørsta/Volda, bykommunane og einskilde øykommunar. Desse har planlagt temmeleg små utbyggingsareal i høve til folketalet. Av figur 1 går det elles klart fram at Tustna er i ein nokså sær eigen situasjon. Det planlagde utbyggingsarealet er på heile 1 658 dekar pr. 1 000 innbyggjarar. Dette er mest av samtlige kommunar i dei fylka som er med i planrekneskapen.

Utbyggingstidspunkta for dei ulike føremålsklassane vert presentert i tabell 9. Som allereie nemnt er 29 prosent av arealet med i planar for perioden 1984-1987, medan ein tredel av arealet har uvisst utbyggingstidspunkt. Størst avklaring har som venta bustadarealet. Slutført bustadbygging for perioden 1984-1987 omfattar eit samla areal på 8 758 dekar, eller 37 prosent av utbyggingsarealet for bustader.

For 55 prosent av industriarealet er det ikkje tidfesta når utbygginga vil skje. Det er grunn til å tru at denne uvissa har samanheng med utilstrekkeleg eller manglande informasjon om marknadsforhold. Mellom anna er det vanskeleg for planleggjarane å sjå på førehand når det vert etterspurdnad etter høvelege areal for ekstensiv næringsdrift. Det er heller ikkje lett å få oversyn over kva for industri som kan ha interesse av å etablere seg i det einskilde område. Av desse og andre grunnar er det ynskjeleg for kommunane å ha ein del areal i reserve. Gjennom ein slik tomtepolitikk er dei sikra å vere med i konkurransen om nye industrietableringar.

I planrekneskapen er det registrert kor mykje areal som er byggjeklart. Med dette meiner ein det utbyggingsarealet kor veg, vatn og kloakk er ført fram til planteigen. Ved avgrensinga er det teke omsyn til den kapasiteten infrastrukturen er meint å dekkje. Men sjølv om veg, vatn og kloakk er ført fram til eit utbyggingsfelt, kan det likevel vere at delar av teigen ikkje er definert som byggjeklar. Slike vurderingar av einskildområde vil til dels byggje på skjønn, noko som kan gi utslag i målefeil. Desse momenta kan ha hatt ein viss innverknad på resultatata, og ein bør vere klar over dei ved analyse av datamaterialet.

Arbeidet med å gjere utbyggingsfelt klare går truleg nokså parallelt med sjølve utbygginga. Dette gjeld spesielt dei planføremåla kommunane har god styring med, til dømes bustadbygging. I dei fleste tilfelle vil kommunane også få utgifter når byggjeklare felt ikkje vert utbygde.

Byggjeklart areal utgjer 23 350 dekar, eller 43 prosent av alt planlagt areal i Møre og Romsdal, sjå tabell 10. Dette er ein høg andel i høve til andre fylke. Samla er 8 935 dekar tenkt nytta til bustadfremål og noko mindre; 7 919 dekar til industri- og lagerføremål. Størst andelar av byggjeklart areal har føremåla kommunikasjon og tekniske anlegg (74 prosent) og forretning og sentrum (70 prosent). Også arealet for planlagde institusjonar har ein godt utbygd infrastruktur. Her er 63 prosent byggjeklart.

Tala i tabell 10 peikar mot ein samanheng mellom planføremåla sin tettstadtilknytning og andelen byggjeklart areal. Ein grunn til dette er at utbygging i allereie bebygde område ofte vil gå føre seg på regulerte areal. I Møre og Romsdal er til dømes 71 prosent av det planlagde utbyggingsarealet i tettstader og byar stadfesta regulert. Det er derfor som venta at andelen byggjeklart areal varierar med status i reguleringsplanprosessen. Ein større del av det byggjeklare arealet, 56 prosent, er stadfesta regulert - medan situasjonen er motsett for areal som ikkje er byggjeklart. I denne gruppa er berre 23 prosent av planarealet regulert.


Litt under halvparten av det byggjeklare arealet er venta utbygd mellom 1984 og 1987. Dette er 71 prosent av det arealet som er tidfesta utbygd i same periode. For størstedelen av arealet med planlagt utbygging etter 1/1-1988 manglar det enno tilstrekkeleg infrastruktur. Om




lag ein firedel av det byggeklare arealet er venta utbygd i dei siste åtte åra av planperioden. Ein like stor andel har uvisst utbyggingstidspunkt. Sjå tabell 11.

I denne rapporten vil ein ikkje estimere kommunane sitt arealbehov i planperioden. Spesielt på grunn av uvissa omkring oljeaktiviteten utanfor Midt-Norge er det vanskeleg å bruke vanlege framskrivingsmodellar for etterspurdningen etter areal. Likevel vil ein knyte nokre merknader til tala i tabellane 16 og 17 (kapittel 5.1). Her er det vist at dei store tettstadene, byane inkludert, i 1975 hadde eit samla industriareal på 4 840 dekar. Dei same områda har eit planlagt industri- og lagerareal som er halvparten så stort (2 414 dekar), medan det totale planlagde industriarealet er meir enn fire ganger så stort. Dette viser at ei realisering av utbyggingssplanane vil gi ein betydeleg auke i industriarealet i store tettstader - sjølv om dette føremålet i første rekkje gjer seg gjeldande for mindre sentrale strøk. Auken vil liggje på 40 - 45 prosent dersom ein forutset same takt i industriutbygginga frå 1975 til 1984 som frå 1965 til 1975.

FIGUR 1. PLANLAGT UTBYGGINGSAREAL PR. 1 000 INNBYGGJARAR TOTALT OG TIL BUSTAD- OG INDUSTRI-, LAGER- OG BERGVERKSFØREMÅL. MØRE OG ROMSDAL 1984-1995.



Figur 2. Planlagt utbyggingsareal til bustadføremål pr. 1 000 innbyggjarar. Møre og Romsdal 1984-1995



Tabell 7. Planlagt utbyggingsareal etter kommune og føremål. Møre og Romsdal 1984-1995

Region/ Kommune	Planlagt utbyggings- areal i alt	Bustad	Industri og lager	Forret- ningar og sentrum	Institu- sjon	Kommuni- kasjon og tek- niske anlegg	Anna	
	Dekar	Prosent						
I alt .....	54 482	100,0	43,7	38,6	3,6	6,3	4,8	3,1
<u>Ulsteinvik-regionen</u> ...	5 360	100,0	43,9	39,2	3,6	6,7	4,4	2,1
Vannylven .....	977	100,0	41,1	33,4	5,8	9,1	8,8	1,7
Sande .....	860	100,0	33,8	43,4	1,9	13,5	3,7	3,7
Herøy .....	1 205	100,0	52,0	27,9	6,6	7,1	6,5	-
Ulstein .....	824	100,0	68,0	26,0	0,6	2,8	1,5	-
Hareid .....	1 494	100,0	31,7	57,2	2,4	3,2	1,8	3,7
<u>Volda/Ørsta</u> .....	2 569	100,0	51,1	24,5	3,9	12,3	6,4	1,8
Volda .....	895	100,0	61,3	22,2	0,7	10,9	4,8	-
Ørsta .....	1 764	100,0	46,0	25,6	5,5	13,0	7,1	2,8
<u>Alesund/Stranda</u> .....	14 560	100,0	57,2	26,1	4,7	6,8	3,4	1,9
Alesund .....	4 487	100,0	56,1	28,1	3,7	7,8	2,9	1,3
Ørskog .....	586	100,0	35,3	44,4	3,2	3,8	13,3	-
Norddal .....	425	100,0	57,4	33,2	4,7	4,7	-	-
Stranda .....	1 230	100,0	51,7	24,4	12,5	4,1	1,1	6,1
Stordal .....	350	100,0	57,4	22,0	6,6	6,0	8,0	-
Sykkylven .....	2 184	100,0	55,8	29,4	1,3	9,2	4,3	-
Skodje .....	962	100,0	41,8	39,0	6,0	6,4	5,2	1,6
Sula .....	1 840	100,0	72,6	7,2	2,7	12,2	0,4	4,9
Giske .....	1 521	100,0	57,1	31,0	4,9	1,2	3,7	2,2
Haram .....	975	100,0	72,2	14,3	8,6	1,1	3,8	-
<u>Romsdal</u> .....	19 604	100,0	35,2	47,2	2,4	6,5	5,5	3,3
Molde .....	3 466	100,0	40,4	28,7	1,1	12,7	6,6	10,4
Vestnes .....	1 483	100,0	51,1	27,1	0,3	15,2	5,6	0,7
Rauma .....	2 126	100,0	44,5	30,8	7,3	7,2	9,3	0,9
Nesset .....	3 179	100,0	18,6	78,3	0,6	0,5	2,1	-
Midsund .....	769	100,0	49,2	39,0	1,7	3,3	1,4	5,5
Sandøy .....	594	100,0	46,0	30,3	9,9	4,4	9,4	-
Aukra .....	626	100,0	40,4	41,2	8,1	1,6	8,6	-
Fræna .....	4 019	100,0	28,5	56,6	2,0	6,8	4,0	2,1
Eide .....	2 423	100,0	30,6	53,1	0,8	2,6	8,2	4,7
Gjemnes .....	919	100,0	44,8	44,5	3,5	4,1	1,6	1,4
<u>Sunnalsøra/Surna</u> .....	5 298	100,0	43,2	40,0	2,8	4,4	7,5	2,1
Tingvoll .....	791	100,0	41,3	46,0	3,3	4,0	3,3	2,0
Sunnal .....	1 386	100,0	42,9	31,8	0,7	3,0	20,3	1,4
Surnadal .....	2 010	100,0	35,8	49,2	3,1	5,7	3,8	2,4
Rindal .....	584	100,0	67,3	25,5	1,7	0,7	-	4,8
Halsa .....	527	100,0	48,4	33,4	7,4	8,2	2,7	-
<u>Kristiansund-regionen</u> ...	7 001	100,0	36,7	44,0	5,5	3,3	3,2	7,3
Kristiansund .....	1 155	100,0	51,0	29,3	3,9	2,5	3,3	10,0
Averøy .....	1 403	100,0	45,0	27,7	6,8	3,3	4,1	13,1
Frei .....	945	100,0	48,9	20,8	13,0	9,2	5,1	3,0
Aure .....	661	100,0	59,5	30,3	2,6	2,0	5,7	-
Tustna .....	1 894	100,0	9,2	86,6	1,8	2,1	0,2	-
Smøla .....	943	100,0	33,7	33,9	7,4	1,5	4,3	19,1

Tabell 8. Planlagt utbyggingsareal etter føremål og lokalisering. Møre og Romsdal 1984-1995

	Planlagt utbyggingsareal i alt		Bustad	Industri og lager	Forretningar og sentrum	Institusjon	Kommunikasjon og tekniske anlegg	Anna
	Dekar	Prosent						
I alt.....	54 482	100,0	43,7	38,6	3,6	6,3	4,8	3,1
Utan tettstadtilknytting .....	29 268	100,0	40,5	45,2	2,9	3,7	4,4	3,3
I små tettstader <sup>1</sup> ....	3 937	100,0	65,1	15,1	6,6	7,3	3,8	2,2
Innan 1 km. frå små tettstader .....	5 292	100,0	34,8	48,2	2,7	5,2	7,1	1,9
I store tettstader <sup>2</sup> ..	6 445	100,0	48,6	23,3	7,5	14,2	3,5	2,9
Innan 1 km. frå store tettstader ....	4 738	100,0	43,5	42,3	0,6	4,6	6,9	2,1
I byane <sup>3</sup> .....	3 591	100,0	48,0	25,4	5,6	10,2	4,6	6,2
Innan 1 km. frå byane .....	1 211	100,0	52,4	17,3	0,6	22,8	4,4	2,6

1) 200 - 999 innbyggjarar. 2) 1 000 innbyggjarar og fleire , unnateke Molde, Kristiansund, og Alesund/Spjelkavik. 3) Bortsett frå Spjelkavik, er dei øvrige tettstadene innanfor kommunegrensene ikkje med i denne gruppa.

Tabell 9. Planlagt utbyggingsareal etter føremål og utbyggingsperiode. Møre og Romsdal 1984-1995

Føremål	Planlagt utbyggingsareal i alt		Utbyggingsperiode		
	Dekar	Prosent	1984-1987	1988-1995	Ufordelt
I alt .....	54 482	100,0	28,7	38,8	32,5
Bustadareal .....	23 804	100,0	36,8	50,4	12,8
Industri- og lagerareal .....	21 003	100,0	20,2	25,2	54,6
Forretnings- og sentrumreal...	1 978	100,0	25,9	29,9	44,2
Institusjonsareal .....	3 406	100,0	20,0	49,6	30,4
Areal for kommunikasjon og tekniske anlegg .....	2 591	100,0	30,6	31,5	37,9
Anna .....	1 700	100,0	37,2	45,4	17,5

Tabell 10. Planlagt utbyggingsareal etter føremål og byggjeklart areal. Møre og Romsdal 1984-1995

	Planlagt utbyggingsareal i alt		Industri og lager	Forretning og sentrum	Institusjon	Kommunikasjon og tekniske anlegg	Anna
	Dekar	Prosent					
I alt .....	54 482	23 804	21 003	1 978	3 406	2 591	1 700
Byggjeklart .....	23 350	8 935	7 919	1 387	2 139	1 918	1 052
Ikkje byggjeklart ..	31 132	14 869	13 084	591	1 267	673	648
I alt .....	100,0	43,7	38,6	3,6	6,3	4,7	3,1
Byggjeklart .....	100,0	38,3	33,9	5,9	9,2	8,2	4,5
Ikkje byggjeklart ..	100,0	47,7	42,0	1,9	4,1	2,2	2,1
I alt .....	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Byggjeklart .....	42,9	37,5	37,7	70,1	62,8	74,0	61,9
Ikkje byggjeklart ..	57,1	62,5	62,3	29,9	37,2	26,0	38,1

Tabell 11. Planlagt utbyggingsareal etter utbyggingsperiode<sup>1</sup> og byggjeklart areal. Møre og Romsdal 1984-1995

	Planlagt utbyggingsareal i alt		Utbyggingsperiode		
			1984-1987	1988-1995	Veit ikkje
	Dekar		Prosent		
I alt .....	54 482	100,0	28,7	38,8	32,5
Byggjeklart .....	22 483	100,0	48,0	26,0	26,0
Ikkje byggjeklart .....	31 999	100,0	15,1	47,8	37,0

1) Det hefter ei relativ uvisse ved tala, for 1. periode på ca. 13 prosent, for 2. periode ca. 15 prosent av fordelinga. For planlagt utbygging der tidspunktet ikkje er fastsett er det ei uvisse med omsyn på arealsituasjonen på 0,2 prosent.

Tabell 12. Planlagt utbyggingsareal etter reguleringsplanstatus og byggjeklart areal. Møre og Romsdal 1984-1995

	Planlagt utbyggingsareal i alt		Reguleringsplanstatus pr. 1 januar 1984		
			Stadfesta regulert	Under regulering	Anna (oversiktsplanar)
	Dekar		Prosent		
I alt .....	54 482	100,0	36,8	21,7	41,5
Byggjeklart .....	23 350	100,0	55,6	17,8	26,6
Ikkje byggjeklart ..	31 132	100,0	22,7	24,5	52,8

#### 4.4. Eigartilhøve og planlagt erverv

For mange kommunar har tilgangen på rågrunn vore ein av flaskehalsane i bustadbygginga. Kommunane har fått hovudansvaret for at det er tilstrekkeleg tilgang på tomter, men det finst ikkje nokon lovregel som regulerer dette. Ansvar for området vert uttrykt i St.melding nr. 12 (1981-1982) Om boligpolitikk der det står at kommunane bør ha ein tomtereserve for 6-8 år. Dette er noko mindre enn den tidlegare målsetjinga frå 1974 (St.melding nr. 92, 1974-1975. Departementet sette då som krav at kommunane burde ha tomtereserver for minst 10 år og dessutan formidle minst to-tredelar av bustadtomtene. St.melding nr. 12 (1981-1982) inneheld ikkje noko kvantifisert mål i denne samanhengen, men det står nemnt at kommunane bør stå for ein større del av tomteformidlinga enn i dag. Oppkjøp av tomter og utbygging av planteigar bør etter den siste bustadmeldinga skje i samsvar med generalplan.

Gjennom ein aktiv kommunal tomtepolitikk får det offentlege større kontroll med prisutviklinga på tomteareal og ei betre styring med utbygginga av dei einskilde områda. Kommunane vil også lettare gå klar av situasjonar der utbygginga vert seinka av tidkrevjande ervervsprosedyrar. Farane ved ein slik langsiktig tomtepolitikk er at kommunane lettare kan gjere feilinvesteringar ved kjøp av areal som det seinare ikkje vert aktuelt å byggje ut. Vidare kan eigedomskjøp føre til at ein etter måten stor pengesum vert bunden, til dømes i rentekostnader.

I Fylkesplanen for Møre og Romsdal er det sett opp to mål for kommunane sin tomtepolitikk, for det første at dei har reserver til å dekkje 4 - 6 års bustadbygging, for det andre at arealkonfliktene er avklara for 10 års forbruk. Det er ikkje lett å kvantifisere slike normer, og ein vil heller ikkje forsøke på det i denne rapporten. Tabell 13 syner at 69 prosent av det planlagde utbyggingsarealet er eigd av private og 6 prosent av "andre" (enn private og kommunale) eigarinteresser. Ein ukjend del av dette har tidlegare vore kommunalt formidla. Pr. 1. januar 1984 hadde kommunane og kommunale tomteselskap ein eigarandel på 26 prosent, dessutan planar om å tileigne seg 48 prosent (19 330 dekar) av det privateigde arealet. Utanom det som er alt er avhenda, kan ein derfor rekne med at om lag 59 prosent av det planlagde utbyggingsarealet vil

verte formidla gjennom kommunane. Desse tala er basert både på vedtekne planar og administrative framlegg om erverv.

For dei viktigaste utbyggingsføremåla er det relativt små forskjellar mellom andelane privat og kommunalt eigd areal. Gjennomsnittleg for fylket er kommunane eigar av 28 prosent av bustadarealet og 24 prosent av industri- og lagerarealet. Vidare føreligg det planar om erverv av 57 prosent av privat areal som er tenkt nytta til bustadføremål. Dersom ein ser på summen av kommunalt eigd og planlagt erverva areal, kjem ein nokså nær tilrådinga i St.melding nr. 94 (1974-1975) om at kommunane bør formidle to tredelar av bustadtomtene. Planrekneskapen visar ein andel på 68 prosent, medan tilsvarande andel for areal til industri- og lagerverksemd er 49 prosent. Denne forskjellen kjem vesentleg av at kommunane er heller lite engasjert i framtidig erverv av industriareal. Ved registreringstidspunktet var kommunale eigarandelar relativt jamnt fordelt på dei fleste utbyggingsføremål.

I samsvar med resultatata i andre fylke vert også ein mindre del (46 prosent) av forretnings- og sentrumsarealet kommunalt formidla. For Møre og Romsdal er det dessutan slik at kommunane har temmeleg små eigarinteresser når det gjeld planareal for kommunikasjon og tekniske anlegg. Her er meir enn tre firedelar av arealet privateigd (inkludert "andre"), og av dette har kommunane berre planar om å erverve 24 prosent (46 dekar). Med omsyn til institusjonsarealet er derimot situasjonen ein annan. Av eit planlagt, privat institusjonsareal på 2 384 dekar føreligg det ervervsplanar for heile 72 prosent.

Tabell 14 syner at kommunane eig 44 prosent av utbyggingsarealet i godkjende generalplanar. Denne andelen ligg 22 til 28 prosentpoeng lågare dersom registreringa har skjedd frå planar som ikkje er ferdig handsama. Biletet ville kanskje vore endå tydelegare om ein hadde hatt kjennskap til tidlegare avhending/sal. Det er sannsynleg at kommunane særleg har formidla vidare areal som går inn i godkjende planar.

Det er elles overraskande at kommunane planlegg å erverve 79 prosent (3 499 dekar) av det private utbyggingsarealet i ferdige generalplanframlegg. Dette er langt meir enn tilsvarande andel for planar som er godkjende av Miljøverndepartementet, så vel som for kommunalt vedtekne planforslag. Det ser derfor ut til å vere ein nokså tilfeldig samanheng mellom planstatus og kommunane sitt ervervsengasjement. Men igjen vil ein minne om at datagrunnlaget er noko usikkert når det gjeld administrative planar om erverv.

Tabell 13. Planlagt utbyggingsareal etter føremål og eigartilhøve. Møre og Romsdal 1984-1995

Føremål	Planlagt utbyggingsareal i alt		Eigartilhøve			Kommunalt planlagt erverv i prosent av privat-eigd areal <sup>1</sup>
			Privat	Kommune og kommunalt tomteselskap	Andre	
	Dekar		Prosent			Prosent
I alt .....	54 482	100,0	68,6	25,9	5,5	47,9
Bustad .....	23 804	100,0	70,8	27,9	1,3	57,1
Industri og lager .....	21 003	100,0	65,7	24,1	10,2	38,2
Forretning og sentrum....	1 978	100,0	70,0	29,0	1,0	24,2
Institusjon .....	3 406	100,0	63,2	30,0	6,8	72,2
Kommunikasjon og tekniske anlegg .....	2 591	100,0	74,3	16,9	8,8	28,5
Anna .....	1 700	100,0	72,7	23,1	4,2	58,1

1) Omfattar areal som kommunestyret har gjort vedtak om å erverve i 1. planperiode (1984-1987), samt areal som administrasjonen arbeidar med ervervsplanar for.

Tabell 14. Planlagt utbyggingsareal etter generalplanstatus og eigartilhøve. Møre og Romsdal 1984-1995

Generalplanstatus	Planlagt utbyggingsareal i alt		Eigartilhøve			Kommunalt planlagt erverv i prosent av privat-eigd areal <sup>1</sup>
			Privat	Kommune og kommunalt tomteselskap	Andre	
	Dekar		Prosent			Prosent
I alt .....	54 482	100,0	68,5	25,9	5,5	47,9
Generalplan godkjent av Miljøverndepartementet ..	9 447	100,0	53,6	43,8	2,6	46,5
Generalplan vedteken i kommunen .....	15 125	100,0	65,5	22,1	12,4	41,3
Ferdig generalplanframlegg.....	5 634	100,0	77,0	21,7	1,3	79,2
Generalplan under arbeid i kommunen .....	22 926	100,0	74,1	22,7	3,2	43,5
Anna <sup>2</sup> .....	1 350	100,0	77,8	16,0	6,2	70,2

1) Sjå note til tabell 13. 2) Sjå note til tabell 3.



## 5. AREALBRUK

Ein viktig del av planrekneskapen er å vise kva typar areal som er planlagt omdisponert til utbygging. Av særleg interesse er nedbygging av jordbruksjord. Den sentrale føresegna om jordvern er uttrykt i # 54 i Jordlova. Det er under denne paragrafen gjort eit generelt vedtak om at dyrka jord ikkje må disponerast med sikte på andre føremål enn jordbruksproduksjon. Berre unntaksvis kan fylkeslandbruksstyret dispensere frå dette forbudet. Hovudmotivet for vern av jordbruksareala er å .. "sikre mulighetene for matvareproduksjon på lang sikt og i påkommende krise- og avstengningssituasjoner" (NOU 1984:15 "Jordvernpolitikken" s. 48). Når det gjeld arealbrukskonfliktar, til dømes mellom jordvern og utbyggingsinteresser, føreset utredninga at det skjer ei avveining med referanse til kommunale generalplanar. I denne samanheng er det peika på at .. "konfliktene med jordbruksinteresser må kvantifiseres (jf. planregnskap)" (NOU 1984:15 s. 52).

Men det er også slik at ein streng jordvernpraksis kan føre til kostbare og funksjonelt sett lite rasjonelle utbyggingsmønster. I ein del område er ny bustadbygging lokalisert til lågproduktive areal langt frå allereie utbygde område med arbeidsplassar, servicetilbod og ledig infrastruktur. For innbyggjarane aukar både kostnadene og tida som går med til transport. Ei slik utbygging kan dessutan kome i konflikt med skogbruksinteresser og/eller naturvern- og fri-luftsinteresser.

Framstillinga av arealsituasjonen i planteigane er gjort ved hjelp av økonomisk kartverk. Før ein går nærare inn resultatene, vert det gitt eit kort oversyn over arealbruken i Møre og Romsdal. Ein vil og presentere tal for omdisponering av dyrka areal i tida 1972-1983.

### 5.1 Arealbruk i Møre og Romsdal

Samla areal i Møre og Romsdal er 15 104 km<sup>2</sup>. Av dette er 11 prosent øyar i saltvatn. Pr. 1. januar 1984 var det 237 568 innbyggjarar i fylket, slik at folketalstettleiken vert om lag 16 innbyggjarar pr. km<sup>2</sup>.

Nærare 3 prosent av arealet i Møre og Romsdal vert rekna som bebygd, sjå tabell 15. Jordbruksarealet utgjør 4 prosent og produktivt skogareal 16 prosent. Det siste er relativt lite i høve til landsgjennomsnittet (22 prosent). Møre og Romsdal skil seg også ut med mykje open fastmark (42 prosent) og lågproduktivt areal (20 prosent).

Tabell 16 syner Landbruksdepartementet sin statistikk over tillatt omdisponering av dyrka mark i Møre og Romsdal i perioden 1972-1983. Samla for desse 12 åra var det ei tillatt omdisponering på 10 075 dekar. Litt over halvparten av arealet vart avgitt ved frådelling av einskildtomter, medan 47 prosent vart stadfesta regulert til andre føremål enn jordbruk. Tabellen viser elles at jordvernet har vorte skjerpa dei siste fire åra. Det finst ikkje sikre opplysningar om kor mykje av denne planlagde omdisponeringa som faktisk skjer og kor tid det eventuelt skjer. Sidan Landbruksdepartementet sin statistikk inneheld planar, kan ein gå ut frå at ein del av arealet også har vorte registrert i planrekneskapen.

Arealbruken i tettstader med minst 1 000 innbyggjarar vart registrert i 1955, 1965 og 1975. I tida frå 1965 til 1975 auka bebygd areal med 9 200 dekar, eller 38 prosent (tabell 17). Av dette var 6 120 dekar bustadareal. Bergverk-, industri- og lagerarealet auka frå 3 380 dekar i 1965 til 4 840 dekar i 1975. Ved siste registreringstidspunktet utgjorde bustadarealet 61 prosent av det bebygde arealet i store tettstader. Nærare 15 prosent var nytta til industri- eller lagerføremål, 10 prosent var anten institusjonsareal eller park- og idrettsanlegg. Berre 5 prosent var klassifisert som forretnings-/sentrumsareal.

På grunn av veksten i bebygd areal vert mellom anna mengda av jord- og skogareal redusert. I tabell 18 er det vist kva type areal som vart teke i bruk til utbyggingsføremål i åra 1965-75. Også desse tala gjeld dei store tettstadene. Ein ser av tabellen at 23 840 dekar (72 prosent) av det bebygde arealet i 1975 også var bebygd i 1965. Av ei samla utbygging på 9 410 dekar skjedde 36 prosent på jordbruksjord, 22 prosent på skogareal og 41 prosent på anna ubebygd

areal. 71 prosent av det omdisponerte jordbruksarealet vart nedbygd med bustader.

Tabell 15. Arealbruk i Møre og Romsdal<sup>1</sup>

I alt	Bebyggd areal	Jordbruksareal		Skogbruksareal		Myr og våtmark	Open fastmark	Lågproduktivt areal	Vatn	
		Fulldyrka	Anna	Produktivt	Anna					
15 104	100,0	2,7	2,9	1,5	15,9	8,1	6,8	41,8	19,6	0,7

km<sup>2</sup>

1) Tala byggjer på registreringar frå det landsomfattande prosjektet "Arealbruk i Norge". Den relative uvissa er størst for klassar med lågast andelar.

Tabell 16. Avgang av dyrka jord ved omdisponering etter jordlova, regulering etter bygningslova og ved oreigning i Møre og Romsdal<sup>1</sup> 1972-1983

Periode	Avgang	I alt	Avgitt til		Stadfesta regulert til anna enn jordbruksformål
			Skogplanting	Byggjegrunn <sup>2</sup>	
	Dekar		Prosent		
I alt .....	10 075	100,0	1,0	52,4	46,6
1972 - 1975 .....	3 509	100,0	0,8	58,6	40,6
1976 - 1979 .....	3 567	100,0	2,1	54,0	43,9
1980 - 1983 .....	2 999	100,0	-	43,3	56,7

1) Kjelde: Stortingsmeldingane: Om praktiseringen av jord og konsesjonslovgivningen. 2) Ved frådeling av einskildtomter.

Tabell 17. Bebyggd areal i store tettstader<sup>1</sup> i Møre og Romsdal 1965 - 1975

Arealbruk	1965	1975
	Hektar (10 dekar)	
Bebyggd areal i alt .....	2 405	3 325
Bustadareal <sup>1</sup> .....	1 424	2 036
Bergverk, industri og lagerareal <sup>3</sup> .....	338	484
Forretnings- og sentrumsareal <sup>2</sup> .....	137	164
Institusjonsareal, park- og idrettsanlegg <sup>2</sup> .....	233	329
Trafikkterminalar <sup>2</sup> , tekniske anlegg <sup>2</sup> og offentleg parkeringsplass <sup>3</sup> .....	54	86
Trase for jernbane .....	1	1
Gjennomfartsvegar og lokale vegar utanom bebygde område .....	218	225

1) Tettstader med minst 1000 innbyggjarar. 2) Inkl. lokale vegar og parkeringsplassar. 3) Omfattar også parkeringsplassar utanom bebygde område.

Tabell 18. Bebygd areal i store tettstader i 1975, etter arealbruk i 1965. Møre og Romsdal

Arealbruk 1965	I alt	Bustad- areal	Berg- verk, indu- stri og lager- areal <sup>1</sup>	Forret- nings- og sent- rums- areal <sup>1</sup>	Institu- sjons- areal, park og idretts- anlegg <sup>1</sup>	Trafikk- terminal <sup>1</sup> , tekniske anlegg og offentleg parke- rings- plass <sup>2</sup>	Trase for jern- bane	Gjennom- fartsveg og lokale vegar utanom bebygde område
Hektar (10 dekar)								
I alt .....	3 325	2 036	484	164	329	86	1	225
Bebygd areal .....	2 384	1 419	330	144	233	54	(1)	203
Jordbruksareal .....	343	243	37	(8)	38	(5)	-	(12)
Skogareal .....	210	149	25	(5)	21	(6)	-	(4)
Anna ubebygd areal <sup>3</sup> ..	388	225	92	(7)	37	21	-	(6)
Prosent								
I alt .....	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Bebygd areal .....	71,7	69,7	68,2	87,8	70,8	62,8	100,0	90,2
Jordbruksareal .....	10,3	11,9	7,6	4,9	11,6	5,8	-	5,3
Skogbruksareal .....	6,3	7,3	5,2	3,0	6,4	7,0	-	1,8
Anna ubebygd areal <sup>3</sup> ..	11,7	11,1	19,0	4,3	11,2	24,4	-	2,7
I alt .....	100,0	61,2	14,6	4,9	9,9	2,6	-	6,8
Bebygd areal .....	100,0	59,5	13,9	6,0	9,8	2,3	-	8,5
Jordbruksareal .....	100,0	70,8	10,8	2,3	11,1	1,5	-	3,5
Skogbruksareal .....	100,0	70,9	11,9	2,4	10,0	2,9	-	1,9
Anna ubebygd areal <sup>3</sup> ..	100,0	58,0	23,7	1,8	9,5	5,4	-	1,6

1) Inkl. lokale vegar og parkeringsplassar. 2) Omfattar også parkeringsplassar utanom bebygde område. 3) Omfattar også vatn.

## 5.2 Noverande arealsituasjon i planteigane

I dette avsnittet vert det presentert talmateriale som syner korleis arealsituasjonen i planteigane varierer etter kommune, planstatus, lokalisering og utbyggingsføremål.

For alle kommunane i Møre og Romsdal, inkludert bykommunanene, utgjør bebygd areal ein liten del av planarealet, tabell 19. Men antageleg er tala noko for låge i høve til den faktiske situasjonen. For Kristiansund og Molde viser registreringa at nesten heile den planlagde utbygginga er lokalisert til ubebygde område. Alesund har planar om å nytte 86 dekar bebygd areal til ny utbygging.

Fram til 1995 er det i heile fylket planlagt å byggje ned 10 315 dekar jordbruksareal. Dette er 19 prosent av planarealet og 1,8 prosent av jordbruksarealet i drift i 1979. I gjennomsnitt pr. år er det venta ei nedbygging på 860 dekar. For å illustrere storleiken på desse tala, kan ein samanlikne med tillate omdisponering i seinare år. Tabell 16 viste at det i tida 1972-83 vart godkjent ei nedbygging på 10 075 dekar jordbruksareal. Av dette gjaldt under halvparten omdisponering i samband med kommunal regulering, medan 52 prosent vart avgitt utanom plan (frådeling av einskildtomter). Denne siste andelen minka i perioden og var soleis 43 prosent for åra 1980-83, mot 35 prosent for heile landet. Det er grunn til å tru at denne tendensen vil halde fram, men at nedgangen vil flate ut etter som ein nærmar seg landsgjennomsnittet. For komande 12-årsperiode kan eit rimeleg tillegg i utbyggingsarealet vere 35-40 prosentpoeng. Ein føreset same fordeling på arealbruksklassane som for planområda. Utanom spreidd utbygging, må ein også justere for regulert jordbruksareal som vart frigitt av landbruksmyndigheitene i perioden 1972-83. Dette arealet (4 473 dekar) må haldast utanfor planrekneskapen ved samanlikning med Landbruksdepartementet sin statistikk.

Under dei føresetnadene som her er lagt fram, vil ei realisering av utbyggingsplanane gi ein avgang av jordbruksareal som er noko mindre (om lag 15-20 prosentpoeng) enn tillatt omdisponering i forrige 12-årsperioden.

I regionane Alesund/Stranda og Sunndalsøra/Surna er det 28 og 25 prosent jordbruksareal i planteigane. Men utbyggingspresset på produktivt areal varierer relativt mykje frå kommune til kommune. Størst nedbygging av jordbruksjord er planlagt i Alesund (1 441 dekar), Sula (721 dekar), Surnadal (571 dekar) og Giske (568 dekar). Ein vil peike på at Alesund, Sula og delvis Giske har ein oppflisa utbyggingsstruktur der jordbruket står svakt. Dei jordbruksområda som i desse kommunane er planlagt utbygd er i all hovudsak ute av drift.

I høve til eksisterande arealbruk har kommunane i Møre og Romsdal særleg planlagt å byggje ned produktivt skogareal. Denne arealbruksklassen omfattar 19 513 dekar eller 36,5 prosent av utbyggingsarealet i planperioden. På fylkesnivå utgjer produktiv skog 16 prosent av arealet, og av dette er det planlagt å byggje ned 0,8 prosent. Nedbygginga av produktiv skog vert størst i Ørsta/Volda, i fastlandskommunane i Alesund/Stranda-regionen og i Vestnes kommune og i store delar av indre Nord-Møre.

På den andre sida omfattar utbyggingsplanane relativt lite av andre arealtypar. Dette gjeld særleg open fastmark - med 19 prosent av planarealet i Møre og Romsdal. Denne klassen har, som vist i tabell 15, 42 prosent av det totale landarealet. I Ulsteinvik-regionen inneheld utbyggingsplanane 44 prosent (2 380 dekar) open fastmark. Midsund i Romsdal har 70 prosent og Tustna i Kristiansund-regionen 54 prosent open fastmark i planane. Den sistnemnde kommunen har også planlagt å nytte relativt mykje myr og lågproduktivt areal for utbygging.

Begge dei alternative områda for ilandføring av olje og gass har lite produktivt areal. Dei to planteigane i Harøysund inneheld tilsaman 25 dekar jordbruksareal, 143 dekar open fastmark og 420 dekar anna areal (saltvatn). På Huttneset dekkjer planarealet 109 dekar jordbruksareal, 260 dekar myr og våtmark og 960 dekar open fastmark. Resten (211 dekar) er fordelt på saltvatn, ferskvatn, lågproduktivt areal og skog.

I alt 5 873 dekar av det planlagde utbyggingsarealet er klassifisert som "anna areal". Kristiansund har 55 og Smøla 59 prosent i denne arealbruksklassen.

Tabell 20 syner arealsituasjonen etter generalplanstatus. Tidlegare er det vist at 42 prosent av det planlagde utbyggingsarealet er med i generalplanutkast under utarbeiding, vidare at 28 prosent av arealet går inn i kommunalt vedtekne generalplanframlegg. I gruppa av sentralt godkjende planar finst 17 prosent av utbyggingsarealet, og av dette er 16 prosent jordbruksareal og 36 prosent produktiv skog. Tilsvarande andelar for planar under utarbeiding er 24 og 35 prosent. Vedtaksprosessen har størst innverknad på andelen fulldyrka jordbruksareal, men totalt er det ein heller svak samanheng mellom planstatus og omdisponering av produktivt areal.

